

# Inngår avtale om forvaltning av kraft

Møre og Romsdal fylkeskommune inngår avtale med Wattn AS om forvaltning av kraft til 577 målepunkt eid av fylkeskommunen.

Avtalen gjeld for fire år frå 1. juni 2024, med opsjon på forlenging på inntil fire nye år.

Formålet med oppdraget som Wattn AS er tildelt gjennom ein anbodskonkurranse, er å optimalisere forvaltninga av elektrisk energi for fylkeskommunen sine verksemder. Dei 577 målepunkta utgjer i underkant av 38 GWh. Verdi på kontrakten vart i kunngjeringa av anbodskonkurransen estimert til åtte millionar kroner eks. mva.

Wattn AS har også før 1. juni vore leverandør av dei same tenestene.

**Kontaktinformasjon:**

Camilla Blom, Leder for bedriftsmarked

Telefon: 41 59 77 05

E-post: [camilla.blom@wattn.no](mailto:camilla.blom@wattn.no)